



Kålås Bygg AS  
Torvhusmyrane 2  
5913 EIKANGERVÅG

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 22/362 - 22/11545

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
09.02.2022

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 10/16 Rødland

Tiltak: Nøst  
Byggjestad: Gbnr: 10/16  
Tiltakshavar: Jan Rune Hosøy  
Ansvarleg søkjar: Kålås Bygg AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 13.01.2022.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden om rammeløyve vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er uklart kva er takvinkel på planlagt naust.
2. Det skal sendast inn dokumentasjon for renovasjonsteknisk avfallsplan godkjent av NGIR i samsvar med pkt.3.4 i reguleringsplanen.

Ved igangsetjingssøknad må det redegjerast for evt. utslepp ved innlagt vatn. Det er avkryssa for at utslepp skal ikkje medføre nye vassinstallasjonar og skal knytast til eksisterande private leidningar/utsleppsanlegg. Utvida utslepp skal søkjast om til Miljø-tilsyn avd. her. Det er kun godkjent utslepp for 5 rorbuer for gbnr 10/31, 40, 43 og 76 i sak 20/18682 av 30.08.21 via slamavskiljar på 9 m<sup>3</sup>.

Kommunen ber om at tilleggsmåling for rammesøknad vert sendt inn samla innan 11.03.22. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Jan Rune Hosøy

HELTVEITVEGEN 9

5993

OSTEREIDET

**Mottakarar:**

Kålås Bygg AS

Torvhusmyrane 2

5913

EIKANGERVÅG